

ALVER KOMMUNE
Postboks 4
5906 FREKHAUG



Dykkar ref.:
20/18722-23/8333

Vår ref. 21898927
Sak/dok.: 22/37245-2
Ark.: 346

Dato:
02.02.2023

Dokumenta har framleis manglar og kan ikkje tinglysast

Saka gjeld gnr. 127 bnr. 122 og 127 i knr. 4631 Alver Kommune

Vi har prøvd å nå dykk på telefon, men har ikkje funnet et telefonnummer å nå Alver kommune ved Morten Mangerøy Helland. Arealoverføring, fullmaktene og eigenfråsegn om konsesjonsfridom de har sendt inn for tinglysing har framleis manglar som gjer at vi ikkje kan tinglyse dei.

Kva må til for at dokumenta kan tinglysast?

Heimelshavaren/mottakaren må samtykkje til tinglysinga. Dette følgjer av tinglygingslova § 13 første ledd. Vidare må underskrifta til heimelshavaren vere stadfesta slik tinglygingsforskrifta § 3 krev. Hovudregelen er at to myndige personar må vitne underskrifta. Vitna må bu i Noreg og ikkje vere gift med eller vere i nær slekt med den som får ein rett i dokumentet. Ein advokat eller ein eigedomsmeklar kan stadfeste underskrifter aleine.

Equinor ASA har underskrevet i punkt 6 (underskrift frå grunneigar til den mottakanda matrikkeleininga), mens Mongstad Vekst AS har underskrevet i punkt 5 (underskrifter og stadfestingar frå grunneigar til den avgjevande matrikkeleininga). De må signere på motsett plass, slik at Equinor ASA signerer i punkt 5 med vitnar og Mongstad Vekst AS i punkt 6.

De kan fasthalde kravet om tinglysing

Sender de dokumenta inn på nytt og fastheld kravet om tinglysing utan at de har retta mangelen vi har vist til, vil vi registrere dokumentet mellombels i grunnboka den dagen vi mottek kravet. Vi kan deretter nekte å tinglyse dokumentet. Dette følgjer av reglane i tinglygingslova § 7 og § 9.

Praktisk informasjon

Vi sender med dette tilbake alle dokumenta. Dersom de legg ved ein kopi av dette brevet når de sender saka inn på nytt, er det lettare for oss å sikre ein effektiv saksflyt.

Det er mykje nyttig informasjon på nettsidene våre www.tinglysing.no og www.seeiendom.no. Ta også gjerne kontakt med kundesenteret vårt på telefon 32 11 80 00. Kundesenteret er ope alle kvardagar frå klokka 09.00 til 15.00. Saksbehandlar har telefon 32 11 88 21.

Venleg helsing

Kjersti Dolonen Hagen
saksbehandlar

Linn Elisabeth Fjermedal Fjeld
saksbehandlar

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent i samsvar med interne rutinar.